



Arkiv nr:

Sak nr 14/21

Møtedato: 12.05.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Prinsipp om EL-anlegg - delegert myndighet til administrasjonen

Administrasjonen får ein del saker om uttale til EL-anlegg, både på stølar og hytter. Samt nyanlegg for å føre fram nye høgspente linjer. Fjellstyret skal gi uttale til slike grunn disponeringstiltak.

Fjellova §12: Iverksetjing av grunn disponeringstiltak - herunder tiltak som gjeld vassdrag - i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn. Grunn disponeringstiltak kan berre føretakast av departementet eller med løyve frå departementet, med mindre anna er særskilt fastsett. Før departementet tek avgjerd skal fjellstyret og i tilfelle allmenningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.

Ein del av desse sakene er såpass enkle og oversiktlege, at det burde vere uproblematisk å delegere dette til administrasjonen. Eksempel på dette er dei saker der det gjeld framføring av straum langs eksisterande vegar.

Administrasjonen ber om delegert myndighet til å kunne svare på slike enkle/oversiktlege («kurante») saker, og fordelene med dette er raskare saksbehandling slik at utbyggar/Valdres Energiverk slepp å vente i fleire månader på uttale frå eit fjellstyre møte.

Det bør klargjerast kva som er «kurante saker». Ein foreslår følgjande som kurant (ikkje uttømmende oppramsing):

- EL-anlegg over eit stølsjorde med samtykke frå stølsbrukar.
- Førrelig ingen nabo klage
- Ingen vesentlege negative verknader for bruksberettiga

Administrasjonen har som utgangspunkt at ein ynskjer å samordne så langt det er mogleg og praktisk gjennomførbart felles trasear/linjer inn til nye område. Målet er å få til færrest mogleg nye linjer, og flest mogleg tilknytningar på same hovudlinje. Dette må sjølv sagt sjåast opp i mot praktiske løysingar/ kostnad for den som ynskjer å bygge ut. Nye EL-anlegg bør i hovudsak følgje eksisterande vegar.

Dersom administrasjonen finn å ikkje kunne tilrå føreslegen trase, er ikkje dette ei «kurant sak» og skal leggest fram for Fjellstyret.

Oppsummert ber administrasjonen om fullmakt/delegert myndighet til å kunne gje uttale for «kurante saker» om nye EL-anlegg.

Framlegg til vedtak

Administrasjonen delegerer myndighet til å gje uttale om VA-anlegg på stølar for «kurante saker».

Vedtak

Administrasjonen delegerer myndighet til å gje uttale om VA-anlegg på stølar for «kurante saker».

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.05.21

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog